



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for opplæring**

Møtedato: 27.03.2019

Sak nr.: 16/4881-13
Internt l.nr. 20014/19

Sak: 4/19

Tittel: **Nytt opplærings- og kompetancesenter Førde**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Hovudutvalet for opplæring rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Utarbeidd rom- og funksjonsprogram, datert 12.03.19, med samla nettoareal på 20.227 m², vert lagt til grunn for utbygging av ny vidaregåande skule og ny tannklinikks på Indre Øyrane i Førde.
2. Hafstad vidaregåande skule vert seld til Førde kommune i tråd med tidlegare vedteken intensjonsavtale. Det er føresett at Førde kommune gjer parallelt vedtak. Ny og endeleg avtale vert inngått ihht. dette. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre og signere endeleg avtale.
3. Den totale kostnadsramma vert sett til 720 mill. kr. Løns- og prisstigning, kostnader til tomtekjøp og kostnader i f.b.m. rekkefylgjekrav - som del av reguleringsprosessen - kjem i tillegg.
4. Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd Førde, vert ikkje ein del av dette prosjektet.

Endringsframlegg:

Trude Brosvik (KrF) kom med følgjande framlegg til nytt punkt:

Skulen skal byggast som eit klimanøytralt bygg eller «plusshus». Det skal hovudsakleg nyttast tre som byggmateriale.

Avrøysting:

Det vart stemt samla over punkt 1 til 4. Desse vart samråystes vedteke.

Vidare vart framlegg om nytt punkt frå Trude Brosvik (KrF) samråystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet for opplæring rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Utarbeidd rom- og funksjonsprogram, datert 12.03.19, med samla nettoareal på 20.227 m², vert lagt til grunn for utbygging av ny vidaregåande skule og ny tannklinikks på Indre Øyrane i Førde.

2. Hafstad vidaregåande skule vert seld til Førde kommune i tråd med tidlegare vedteken intensjonsavtale. Det er føresett at Førde kommune gjer parallelt vedtak. Ny og endeleg avtale vert inngått ihht. dette. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre og signere endeleg avtale.
3. Den totale kostnadsramma vert sett til 720 mill. kr. Løns- og prisstigning, kostnader til tomtekjøp og kostnader i fbm. rekkefylgjekrav - som del av reguleringsprosessen - kjem i tillegg.
4. Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd Førde, vert ikkje ein del av dette prosjektet.
5. Skulen skal byggast som eit klimanøytralt bygg eller «plusshus». Det skal hovudsakleg nyttast tre som byggmateriale.